



Arkivnr: 2014/297-2

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014

Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542 Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning

Samandrag

Bømlopakken vart lagt fram til handsaming for Stortinget i St.prp.nr. 78(2008-2009) og vart endeleg godkjent av Stortinget den 16. juni 2009, jf. Innst.s.nr. 343(2008-2009). Bømlopakken har ein økonomisk ramme på 1 003 mill. kr (i 2009 kr). Det ligg klare føringar til grunn for bompengepakken, der omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken.

Denne saka gjeld val av løysing for delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg i Bømlopakken. Den nye løysinga samsvarer ikkje med prosjektbeskrivinga slik det kjem fram i stortingsproposisjonen. Den nye løysinga er at gang- og sykkelvegen skal vere ein del av nye vegen frå Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg. I stortingsproposisjonen vart det lagt opp til å nytta gamlevegen gjennom Folderøy som gang- og sykkelveg, når nye vegen vart ferdig. Saka har vore drøfta i Kontaktutvalet for Bømlopakken og det er semje om at denne saka går utover mandatet som utvalet har. Saka må difor leggjast fram for politisk handsaming i Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune.

Statens vegvesen rår til at vegen blir bygd med gang- og sykkelveg. Bømlo kommune hadde saka til handsaming i kommunestyret den 23. september 2013, der eit einstemming vedtak rår til at Fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg skal byggjast med gang- og sykkelveg.

Fylkesrådmannen støtter seg til anbefalinga frå Statens vegvesen og Bømlo kommune om å bygge gang- og sykkelvegen som ein del av prosjektet Stokkabekken – Ekornsæter - Siggjarvåg.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek at delprosjektet Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg skal byggast med gang- og sykkelveg, som ein del av Bømlopakken.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Bømlopakken - Gang- og sykkelveg langs Fv 542 Stokkabekken/Siggjarvåg - ny løysing treng godkjenning

Fylkesrådmannen, 21.01.2014

Bakgrunn

Bømlopakken vart lagt fram til handsaming for Stortinget i St.prp.nr. 78(2008-2009), og vart endeleg godkjent av Stortinget den 16. juni 2009, jf. Innst.s.nr. 343(2008-2009). Bømlopakken har ein økonomisk ramme på 1 003 mill. kr (i 2009 kr), og inneheld ei rekke prosjekt. Nokre av desse prosjekta er gjennomført, nokre under bygging og andre under planlegging. Det ligg klare føringar til grunn i bompengepakken, der omfanget av utbygginga skal tilpassast den økonomiske ramma til pakken.

I tråd med føresetnaden for bompengepakken er det oppretta eit kontaktutval for Bømlopakken, med deltaking frå Statens vegvesen, Bømlo kommune, Bømlo Vegselskap AS (bompengeselskapet) og Hordaland fylkeskommune. Kontaktutvalet si oppgåve og mandat er å sikra framdrift, gjennomføring og finansiering av bompengepakken. Mandatet er slik at ved auka kostnader som går ut over ramma og/eller føresetnader elles i bompengepakken, må det leggjast fram sak for politisk handsaming i kommunen og fylkeskommunen. Saka har vorre drøfta i kontaktutvalet og det var semje om at denne saka går ut over mandatet utvalet har og må difor leggjast fram til politisk handsaming.

Ny løysing/konsept for Stokkabekken – Ekornsæter – Siggjarvåg treng godkjenning av kommunestyret i Bømlo kommune og fylkestinget. Dette fordi ny løysing går utover det som ligg til grunn i St.prp.nr. 78(2008-2009). Ein viser til stortingsproposisjonen der dette delprosjektet er omtala slik;

«Vegparsellane Stokkabekken – Ekornsæter og Ekornsæter – Siggjarvåg er på til saman om lag 6,8 km. Trasè er ikkje endeleg fastlagt, men truleg er den beste løysinga å bygge ny veg i stor grad utanom eksisterande busetnad.....Der vegen blir lagt om er eksisterande veg tenkt nytta av gang- og sykkeltrafikken samt bussar. Elles blir det lagt opp til samanhengande gang- og sykkelveg langs heile strekninga.»

Statens vegvesen vil tilrå at vegen blir bygd med gang- og sykkelveg. Bømlo kommune hadde saka til handsaming i kommunestyret den 23. september 2013, der vedtaket lyder;

«Bømlo kommune rår til at fv 542 Stokkabekken-Siggjarvåg skal byggjast med gang og sykkelveg»


Om prosjektløysing – ny veg med gang- og sykkelveg

Reguleringsplanen for Stokkabekken - Ekornsæter - Siggjarvåg vart endeleg godkjent i Bømlo kommune den 4. november 2013. I reguleringsplanen er det utarbeidd forslag med og utan gang- og sykkelveg.

Hovudargumentet og største fordelen ved å bygge gang- og sykkelveg som ein del av den nye vegen, er å betra trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane. Elles må gang- og sykkeltrafikken gå langs gamlevegen (sjå kart neste side; S-forma linje er nye vegen, den som er markert 542 er gamle vegen).

Ut i frå ei behovsvurdering er det først og fremst dei som syklar til/frå jobb som vil nytte gang- og sykkelvegen. Men og av dei som bur langs eksisterande veg. Det er i dag høgst usikkert kor mange som vil nytta seg av denne, når vegen er ferdig.

Ulempa er først og fremst at landskapsinngrepa vert større og dei økonomiske forholda, med auka investeringskostnader og vedlikehaldskostnader.



Økonomiske konsekvensar ved ny løysing og utvida prosjekt

Stokkabekken – Siggjarvåg er kostnadsrekna til om lag 211 mill.kr. (i 2009 kr). I dagens kroneverdi utgjer dette verre om lag 232 mill. kr. Etter den tid har nye momsreglar blitt innført for fylkesvegane, noko som gjer at dette blir om lag 269 mill. kr inkl. mva.

Statens vegvesen har gjort nytt kostnadsoverslag for begge alternativa, med bakgrunn i utarbeidd reguleringsplan og har kome til ein kostnad på 245 mill. kr utan gang og sykkelveg og 285 mill.kr. med gang- og sykkelveg, inklusive mva. Dette betyr at gang- og sykkelvegen som del av nye vegen utgjer ein meirkostnad på om lag 16 mill.kr.(285 mill. kr.- 269 mill.kr.), ut i frå det som låg til grunn i stortingsproposisjonen. Alternativt blir kostnaden 245 mill. kr. utan gang- og sykkelvegen, som er 24 mill. mindre en det som låg til grunn i stortingsproposisjonen.

Status så langt for Bømlopakken er at denne er stort sett i rute når det gjeld framdrift og økonomi. Delprosjekta som er gjennomført så langt er i samsvar med dei økonomiske rammene som ligg til grunn i St.prp. Dei delprosjekta som framleis ligg på planleggingsstadiet er det for tidleg å sei noko om. Dette veit ein fyst når reguleringsplanane er ferdige. Totalt sett er erfaringane så langt at ein har god styring og kontroll med Bømlopakken. Ut i frå ein totalvurdering kan en ikkje sjå dei store avvik i kommande prosjekt i forhold til dei kostnadsoverslaga som kjem fram av stortingsproposisjonen. Men endring av prosjektomfang ut i frå det som er signalisert gjennom stortingsproposisjonen som er tilfelle i denne saka, kan sjølvskikt endra på dette.

På inntektsida utgjer bompengar om lag 64 % av finansieringa. Innkrevjing av bompengar starta opp 2.mai 2013. Trafikken for dei 8 første månadane viser ein ÅDT på i underkant av 3300. Prognosene for det første innkrevjingsåret var 2700 ÅDT. Snittinntekta pr. passering er derimot noko lågare en prognosene. Men grunna høgare trafikk enn rekna med, er dei totale trafikkinntektene så langt noko over budsjett (forventa kalkyle).

Fylkesrådmannen si vurdering

Når «Bømlopakken» var til handsaming i Stortinget sommaren 2009, var det ikkje like stor fokus på gang- og sykkelvegar som det er i dag. Nasjonalt og regionalt er det for tida stor interesse for å bygge gode løysingar for syklistane, dette er eit stort pluss både ut frå miljø og folkehelseomsyn. Difor er det tvilsamt at

denne vegen ved ein søknad i dag ville ha blitt framlagt til som ein del av søknaden til Stortinget, utan løysing med gang- og sykkelveg.

Fylkesrådmannen ser positivt på kostnadsaspektet, ved at ein får gang- og sykkelveg til en meirkostnad på 16 mill.kr. Samla sett er økonomien i Bømlopakken så langt tilfredstillande, utan dei store overraskingane. Både framdrift på plansida og byggesida går som planlagt. Samla inntektene viser ei positiv utvikling ut i frå prognosane som var grunnlag for stortingsproposisjonen. Fylkesrådmannen vil vere forsiktig med å leggja for stor vekt på bompengelinntekta no så tidlig i perioden for innkrevjing, men kan heller ikkje underslå at utviklinga så langt er positiv.

Bompengepakkar er meir fleksible enn bompengeinkrevjing for enkeltprosjekt. Det kjem klart fram av innstillinga frå Stortinget at omfanget av utbygginga i Bømlopakken skal tilpassast den økonomiske ramma på 1 003 mill kr. (2009 kr). Det kjem vidare fram at dersom kostnadsoverslag på nokre av prosjekta aukar, kan dette innebere at andre prosjekt ikkje vart bygd. Statens vegvesen, Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune er difor kjent med konsekvensane ved å gå for ei anna løysing som medfører kostnadsauke. Dette kan ha innverknad på gjennomføringa av dei siste prosjekta som skal byggjast i 2020 og utover. Alle parter er innforstått med dette.

I større grad vil fylkesrådmannen vektlegge at Bømlo kommune så sterkt ynskjer at vegen skal byggjast med gang- og sykkelveg. Saka har vore til handsaming politisk i Bømlo kommune der kommunestyret samrøystes vedtok at vegen skal byggast med gang- og sykkelveg. Fylkesrådmannen minner og om at Statens vegvesen tilrår også dette.

Fylkesrådmannen støttar seg til tilrådinga frå Statens vegvesen og Bømlo kommune om å bygge gang- og sykkelvegen som en del av prosjektet Stokkabekken - Ekornsæter – Siggjarvåg. Dette inngår i finansieringsramma for Bømlopakken.